

# Serviceerklæring Ulvik herad – Middagsombringning

*Matombringning er ikkje ei lovpålagt teneste, men eit supplement for å dekkja ernæringsbehov til innbyggjarane våre.*

## Føremål med tenesta:

Sikra eit variert og næringsrikt kosthald til heimebuande eldre, personar med funksjonsnedsetting eller andre som ikkje klarar å laga middag sjølv.

## Kven kan få tenesta:

Tenesta er for heimebuande eldre eller personar med funksjonsnedsetting, som på grunn av sjukdom eller av andre årsaker ikkje er i stand til å dekkja eige ernæringsbehov, og som ikkje har høve til å laga, henta eller kjøpa middag sjølv.

Tenesta vert behovsvurdert.

## Innhald i tenesta:

- Varm middag levert heim inntil 7 dagar i veka, inkludert høgtidsdagar
- Middagen består av hovudrett med dessert/kake eller suppe
- Tilbod om heil eller halv porsjon
- Diettmat/spesialkost blir levert ved behov
- Om ein ynskjer kan ein få menyen heim
- Behov for å auke eller redusera tal dagar med levering, må avklarast med tenesteytar

## Kriteria for tildeling:

- Søknad frå brukar
- Brukar må bu i kommunen
- Brukar må ha middag **minimum 3 faste dagar** i veka
- Vere heimebuande med fysisk, psykisk eller sosial funksjonsnedsetjing, som ikkje er i stand til å ivareta sitt eige ernæringsbehov

## Kva kan du forventa av mat ombringinga

- Maten blir levert varm heim til deg
- Du blir møtt på ein høfleg og respektfull måte

## Kva forventar me av deg

- At du gjer deg kjend med innhaldet i informasjonen om matombringinga
- Er heime på den tida maten blir levert, eller syte for at nokon tek i mot
- Du må opplyse om diettmat ved søknad
- Evt. endringar i bestilling må meldast kjøkenet så raskt som råd, og innan kl. 10:00 same dag
- Middag som ikkje blir avbestilt innan fristen kl. 10:00 den aktuelle dagen, vil bli levert og fakturert.

## **Praktiske opplysningar**

- Middag vert køyrd ut frå omsorgstunet mellom kl. 13:00 – 14:00

## **Prisar**

- Pris pr porsjon vert årleg vedteke av heradsstyret
- Faktura vert sendt ut på etterskot, med forfall den 20 i månaden etter
- Prisar finn ein på heimsida til Ulvik herad, under «Helse og omsorg», «Hjelp i heimen», «Utkøyring av middag»

## **Saksgang ved søknad om middagsombering:**

- Det skal føreliggja eigensøknad frå brukar. Den som søkjer tenesta skal ha signert søknaden
- Søknaden blir vurdert ut i frå helsetilstand/behov
- Middagsombering vil kunne effektuerast innan 4 dagar, raskare om behovet er akutt. Skriftleg vedtak vil føreliggja innan 3 veker

## **Klage på vedtak:**

- Dersom du finn grunn for å klaga på vedtaket er klagefristen 4 veker frå du har motteke vedtaket. Klagen må vera skriftleg.
- Klagen skal sendast til helse og omsorgsavdelinga. Viser elles til vedtak på tenesta – der du finn orientering om saksgang i ei evt. klagesak.

Ansvarleg for tenesta: Avdelingsleiar heimebaserte tenester.

Tlf. Ulvik omsorgstun: 56527080

Adresse: Avd. helse og omsorg, Ulvik omsorgstun, Storøyeni 30, 5730 Ulvik